



# ÅRSRAPPORT




 Sjukehusapoteka Vest HF





Sjukehusapoteka **Vest** HF



# Innhold

Forord .....	6
Nøkkeltall .....	7
Nøkkelhendinger .....	8
Årsmelding .....	11
Resultatrekneskap .....	16
Balanse .....	17
Balanse .....	18
Kontantstrømoppstilling .....	19
Noter .....	20
Melding frå Revisor .....	30

# Kvalitet i alle prosessar



Sjukehusapoteka Vest (SAV) er eit helseføretak i Helse Vest og vårt føremål er å vera farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Vi driv sjukehusapotek med kompetente medarbeidarar og er fysisk tilknytt Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde.

Til desse fire sjukehusføretaka står Sjukehusapoteka Vest for all leveranse av legemiddel til sjukehuspost, produksjon av legemiddel som ikkje kan skaffast frå industrien, pasienttilknytt legemiddel, samt levering av farmasifaglege tenester og klinisk farmasi. Nærleik til sjukehusføretaka gir oss ein unik moglegheit til å bidra til tverrfagleg arbeid for auka pasienttryggleiken. Våre publikumsutsal finn du på Haukeland Universitetssjukehus, Stavanger Universitetssykehus, Haugesund Sjukehus og Førde Sentralsjukehus.

Årsrekneskapan for 2014 viser at Sjukehusapoteka Vest leverer eit samla positivt økonomisk resultat for året på 30 millionar. Resultatet er vesentleg påverka av mellom anna reduksjon i rekneskapsført pensjonskostnad, med i alt 24 millionar, og bortfall av tilskot til pensjonskostnader frå Helse Vest med 4 millionar. Korrigert for dette er resultatet for 2014 10 millionar kroner. Dette er i samsvar med resultatkravet for året. Sjølv om vi fortsatt er godt fornøyd med at vi når resultatkrav frå eigar, ser vi i rekneskapan at bruttomarginen vår fortsetter å falle. For å vidareføre dei gode økonomiske resultatata vi har nådd over mange år, treng vi fortsatt sterkt fokus på kostnadsstyring og kontinuerleg arbeid med å effektivisere drifta.

Sjukehusapoteka Vest leverer og særst gode resultat på kvalitetsbetring. Etablering av eit gjennomgåande prosessbassert verksemdsstyringssystem har vore hovudsatsingsområde på dette området i Sjukehusapoteka Vest i 2014. Parallelt med bygging av kvalitetssikra og gjennomgåande arbeidsprosessar i føretaket, har Sjukehusapoteka Vest hatt ein viktig rolle i arbeidet for auka pasienttryggleik på legemiddelområdet gjennom deltaking med nye ressursar inn i felles regionale prosjekt på områda:

- Kurve og legemiddel (KULE)
- Program for pasienttryggleik
- eResept i spesialisthelsetenesta

Hand i hand med alt utviklingsarbeid har Sjukehusapoteka Vest hatt ein trygg og kvalitativt god dagleg drift av apoteka. Den gode drifta og utviklinga skuldast ein fagleg dyktig organisasjon og høgt engasjerte medarbeidarar. Takk til kvar og ein for at vi leverer så godt!



Jannicke Daae Tønjum  
Administrerende direktør




# NØKKELTALL 2014

## ØKONOMI


Alle tall i 1000 NOK	2014	2013
Omsetning	913 838	847 984
Resultat	30 546	14 906
Egenkapital	133 005	102 459
Balanse	251 875	219 655

## AKTIVITET

	2014	2013
Varer (tusen pakninger)	1 948	1 909
Tenester (tal årsverk)	41	38
Produksjon (tal tilsetningar)	74 428	69 264
Ansatte (tal årsverk)	215	213



# Nøkkelhendingar for SJUKEHUSAPOTEKA VEST



- Sjukehusapoteka Vest bidreg med ressursar til kvalitetsprosjektet Legemiddel og Pasienttryggleik (LOP).


- Føretaket overtek deler av den nasjonale legemiddelproduksjonen.

- Det etablerast eigen internettside gjennom ny regional internettløysing.

- Sjukehusapoteka Vest bidreg med i Helse Vest sitt kvalitetsprosjekt for legemiddel og kurve (KULE, tidelegare LOP).

- Sjukehusapoteka Vest utfører i auka grad tilsettingsproduksjon for sjukehusføretaka i Helse Vest.

- Føretaket er sentral aktør i utrullinga av e-resept i Helse Vest.



Auka bruk av ein-dose, fleire apotekstyrte legemiddellager og auka farmasøytisk rådgiving.

Helsedirektoratet vedtek at e-resept skal innførast ved alle legekontor og apotek, på sikt og sjukehus.

To forskarstillingar med to års varigheit vert oppretta i Sjukehusapoteka Vest.

Alle apoteka i Sjukehusapoteka Vest har installert lagerautomatar, med Stavanger som første i Norge i 2011.

Sjukehusapoteka Vest etablerer SAVvy, eit prosessbasert verksemdstyringssystem.

Føretaket går over til ny grossist ved årsskiftet 2014/2015.

Publikumsekspedisjonane i Sjukehusapoteka Vest blir rekna som konkurranseutsett næringsaktivitet av EFTAs overvakingsorgan, ESA.

Sjukehusapoteka Vest vert miljøsertifisert.

Føretaket opprettar eiga kommunikasjonsseining.


2010

977847 solgte pakninger i 2010

2014

1088938 solgte pakninger i 2014

OMSETNING



# Årsmelding 2014


## VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål å vera farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøvar si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i eit føretaksmøte mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF.

Sjukehusapoteka Vest eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. Sjukehusapoteka Vest leiger lokale til sin drift ved dei største sjukehusa i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Desse sjukehusa er også Sjukehusapoteka Vest sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/ institusjonar og til pasientar/ publikum.

## FOKUSOMRÅDER I 2014

Volumet av legemiddel levert til sjukehusa og talet på ekspederte reseptar har auka frå 2013. Samstundes har prisar på legemiddel flata noko ut i Norge. I spesialisthelsetenesta held trenden fram med overgang til nye, innovative og meir kostbare legemiddel. Inntektene til Sjukehusapoteka Vest har derfor ikkje auka parallelt med aktivitetsauken. Dette krev kontinuerleg arbeid med effektivisering av både drift og administrative prosessar. Som eit ledd i dette er Sjukhusapoteket i Haugesund bygd om





og lagerautomat installert. Det er tidligare gjort installasjon av slike lagerautomatar ved Sjukehusapoteket i Bergen, Førde og Stavanger. Disse installasjonane gjev meir effektive logistikkprosessar og auka tryggleik for levering. Samstundes har det vært arbeidd med å effektivisere arbeidsprosesser utan å redusere kvalitet i desse. Det har vært gjort gjennom etablering av eit prosessbassert verksemdsstyringssystem (SAVvy), som blei lansert 1. mars 2015.

Det har i 2014 vore særskilt mykje fokus på skifte av grossist frå 01.01.2015. Etter anbuds konkurranse vart Alliance Healthcare Norge AS vald som grossist til alle sjukehusapotekføretak i Norge. Hausten 2014 har det vore arbeidd med å førebu trygg omlegging frå Norsk Medisinaldepot AS. Både levering av ordinære varer og nasjonalt lager av beredskapsvarer var på plass ved årsskiftet.

Helse Vest sitt fokus på pasienttryggleik har i 2014 medført auke i levering av farmasøytiske tenester til sjukehusa. Gjennom 2014 har Sjukehusapoteka Vest hatt fokus på følgjande tiltak for å betre pasienttryggleiken saman med sjukehusføretaka:

- auka bruk av eindose
- fleire apotekstyrte legemiddellager (ASL)
- auka farmasøytisk rådgjeving

Innan pasienttryggleik har Sjukehusapoteka Vest også bidrege med ressursar til Helse Vest sitt kvalitetsprosjekt, Kurve og legemiddel (KULE). Prosjektet vil få stor verknad for korleis Sjukehusapoteka Vest samhandlar med sjukehusføretaka innanfor både legemiddelforsyning og farmasøytisk rådgjeving framover. I arbeid for auka pasienttryggleik har Sjukehusapoteka Vest også i 2014 fått til ytterlegare overtaking av tilsetningsproduksjonen (cytostatika, parenteral ernæring (TPN) og smertekassetar) frå helseføretaka.

For å oppfylle Sjukehusapoteka Vest si strategi om meir meritterande forskning har ein vidareført D-stillingar etter modell frå forskingsstillingar for legar. Stillingane er delt mellom 50 prosent forskning og 50 prosent farmasøytisk arbeid. Stillingane vart oppretta i 2012 og har ei varigheit på 2 år. Det er viktig at forskinga er relevant for farmasifaget, for Sjukehusapoteka Vest sin strategi og for sjukehusføretaka.

ESA-domstolen slo i 2013 fast at publikumsekspedisjonane i alle sjukehusapotek er å rekne som konkurranseutsett næringsaktivitet, og må rette inn rekneskapsføring og innteningskrav etter dette. Gjennom 2014 er rekneskapsmessige utskiljing av publikumsekspedisjonane førebudd. Vidare er det gjort tiltak for auka inntening gjennom fokus på kundegrunnlag og varesortiment.

Eit siste fokusområde som har teke mykje kapasitet i 2014 er kravet til alle helseføretak om å bli miljø-sertifisert i høve til ISO 14001. Sjukehusapoteka har brukt første halvdel av 2014 på å bygge eit godt miljøstyringssystem, og fekk sitt sertifikat av Det Norske Veritas (DNV) i november 2014.

## ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

### Organisering

Sjukehusapoteka Vest har sidan 2012 endra organisering, og alle apotek har no same organisasjonsstruktur med avdelingar som nivå 3, og avdelingsleiarar med same type fullmaktar innan områda fag, økonomi og personale. Fullmaktmatrisa er revidert med tydeleg avgrensing av myndigheit på dei 3 fullmaktsnivåa. Fullmaktmatrisa inngår no som del av leiaravtalar ved tilsetning.

Jobb-beskriving på alle nivå er revidert for å sikre at ansvar innan ytre miljø og prosessleiing tydeleg kjem fram.

### Rekruttering

SAV har i 2014 halde fram med fokus på kvalitet i rekruttering. Ein har delteke på fleire fag- og utdanningsmesser og teke i bruk sosiale media for å treffe potensielle tilsette. Rekruttering av leiarar er framleis ein utfordring.



30 stillingar vart utlyst i 2014, med totalt 205 søkarar, fordelt på 146 kvinner og 59 menn. 2 menn fekk tilbod om jobb. Reinhold fekk 75 søkarar og skil seg ut i høve til dei andre stillingane. 60% av søkarane kom frå Noreg, 23% frå Europa og 14 frå ikkje-europeiske land. Majoriteten av søkjarane seier dei fann stillinga på internett/ Finn.no. Berre 3 seier dei fann stillinga i fagtidskrift. Om lag halvparten av søkarane er i aldersgruppa 31-35 år, og gruppene 26-30 år og 36-40 år hadde 35 søkarar, medan det i sum var 25 søkjarar i aldersgruppa 20-25 og 41-45.



### Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er heimla i føretaket sin strategi og konkretisert i årleg handlingsplan for kompetanse. Fokus har i 2014 vore på arbeidsplassen som læringsarena, utvikling av leiarar, kundekommunikasjon og sal samt klinisk farmasi i høve til føretaket sin strategi. Føretaksleiinga har vore gjennom program for leiargruppeutvikling med AFF.

Kursdeltaking er høgare i 2014 enn i 2013, det gjeld både e-læring og klasseromkurs; Det er teke 1372 e-læringskurs, og 532 klasseromkurs. Det gir 5,8 e-læringskurs og 2,2 klasseromkurs per tilsett.

### Systematisk Helse Miljø og Tryggleik :

Føretaket har i 2014 vidareført fokus retta mot helsefremjande arbeidsmiljø. Helse, miljø og tryggleik (HMT), er fast sak i styre- og leiarmøte, samt i samhandling med fagorganisasjonane

og i arbeidsmiljøutval (AMU). Årsmelding 2014 for Føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU) vert handsama i FAMU sitt møte 12.02.2015.

Hovudområda i HMT handlingsplan har vore;


- IA - sjukefråvær
- Systematisk HMT
- Avvikshandtering
- Ytre Miljø
- Psykososialt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljøpris
- HMT kartlegging - HMT handlingsplan

Årleg HMT-kartlegging syner at føretaket i har eit forsvarleg arbeidsmiljø. Resultat på brannvern er svært gode. Hovudelement som i høve til kartlegginga kan forbeistrast er knytt til opplevd tidspress og psykososiale forhold, men tala syner auka tilfredshet samanlikna med 2013. Føretaket var og del i Helse Vest sin regionale medarbeidarundersøking hausten 2014. Sjukehusapoteka Vest inngår i Helse Vest si HMT-satsing, og deltek i regional samanheng. Registrerte HMT-avvik i 2014 viser ein gledeleg svak auke samanlikna med tidlegare år. Ein har tidlegare hatt mistanke om underregistrering. Avvika har i hovudsak vore lettare skader som støyt/ treff, søl /sprut og kuttskader, og ingen alvorlege personskadar er registrert. Talet på ikkje opna avviks-saker er no nesten ikkje eksisterande.

### Sjukefråvær:

Fokus på sjukefråvere har halde fram i 2014. Det totale sjukefråveret i Sjukehusapoteka Vest i 2014 var i snitt 7,7 % mot 7,9 % i 2013. Sjukefråvere fell i 2013 for fyste gong sidan 2010 og det altså helde fram i 2014. Føretaket si målsetting er, i tråd med målsetting for Helse Vest, å få sjukefråveret ned i 5,5 %. Sjukefråvere har samanheng med fleire forhold, da spesielt leiing, kultur og medarbeidarskap, kvalitet i rekruttering og organisering av arbeidsprosesser. Føretaket har ei rekke systematiske tiltak innanfor alle desse områda.





#### Likestilling:

Sjukehusapoteka Vest er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av i snitt 215 årsverk i 2014 var det 23 menn. I leiargruppa var fordelinga 6 kvinner og 2 menn. Styret i føretaket var per 31.12.14 sett saman av 6 kvinner og 3 menn. Av 4 sjukehusapotekarar er ingen menn. Av 12 avdelingsleiarar er 1 mann. Sjukehusapoteka Vest har lik handsaming av kvinner og menn ved rekruttering, lønnsfastsetjing og utvikling. Der det er mogleg å jamstille gjennomsnittsløna for kvinner og menn, er det ingen skilnader i lønnsnivå. Omfanget av overtid er relativt sett jamt fordelt mellom kvinner og menn.

#### Inkludering, mangfald og likeverd:

Helseføretaks gruppa i Helse Vest har felles regional målsetting for inkludering og mangfald som skal spegla samfunnet og gjera oss i stand til å møte mangfaldet blant pasientar og pårørande.

Målet er at mellom 6 og 10 % av medarbeidarane skal ha innvandrarbakgrunn, fordelt omtrent likt mellom vestlege og ikkje vestlege innvandrarar. Ved annonsering og rekruttering vert dette opplyst om og følgd opp. Personalleiarar vert kursa i rekruttering og temaet diskriminering grunna kjønn, etnisk opphav, og funksjonshemming er del av denne opplæringa.

Siste tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at SAV totalt har 15,4 % medarbeidarar med innvandrarbakgrunn for delt på 8,2 % frå ikkje vestlege land (Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, og Europa utanom EU/EØS), og 6,8 % tilsette frå vestelege land (EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand).

#### Talet på årsverk:

Talet på brutto årsverk i gjennomsnitt var 215 i 2014 mot 213 året før. Talet på netto årsverk i gjennomsnitt var 203 i 2014 mot

202 året før. Ein har i 2014 teke i bruk nasjonal standard for netto månadsverk noko som gjer høgare tal enn den regionale standard ein nytta i 2013 rapportar.

#### YTRE MILJØ

Verksemnda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Sjukehusapoteka Vest vart miljøsertifisert i 2014. Arbeidet med miljøsertifisering har auka føretaket sin kjennskap til miljøkonsekvensane av eigen verksemd med fokus på ein miljøpolitikk for å endre verksemnda i ein meir miljøvennleg retning. Det er og oppretta ein funksjon som miljøkoordinator ved kvart apotek og i føretaksadministrasjonen. Kvalitetsleiar har rolla som miljøleiar i organisasjonen.

#### ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapa ei rettvissande oversikt over utviklinga og resultatet av føretakets verksemd og stilling.

#### Risikoforhold

Sjukehusapoteka Vest er pålagt gjennom vedtak i ESA (EFTA sitt overvåkingsorgan) å gjennomføre endring i kva resultatkrav som vert sett til publikumsekspedisjon og her under implementere nye krav til skattlegging og regnskapsføring av denne delen av verksemnda. Dei regneskapstekniske endringane er implementert ved utgangen av 2014. Arbeidet har vore gjennomført i tett samarbeid med Helse Vest RHF.

Føretaket er i liten grad eksponert for endringar i valutakursar og endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/ HELFO. Ein vurderer likviditeten i føretaket som god, og det er ikkje vedteke å innføre tiltak som endrar likviditetsrisiko.

#### Økonomisk drift:

Samla omsetning i Sjukehusapoteka Vest HF er i 2014 kr. 913.837.615 mot kr. 847.983.657 i 2013, ein auke på 7,8 %. Resultat frå drifta er i 2014 28.821.700 mot kr. 13.380.634 i 2013, ein auke på 115,4 %. Auke i driftsresultat samanlikna med 2013 skuldast reduserte personalkostnader med i alt 23,4 mill. hovudsakleg som følge av at verknad av innført levealdersjustering for offentlege tenestepensjonsordningar er resultatført som planendring med verknad frå 2014. Ut over dette er endringa knytt til lågare bruttomargin på sal av varer og auke i driftskostnader mellom anna frå driftsavtale med Helse Vest IKT og eksterne tenester i samband med utviklingsprosjekt. Netto finansresultat for 2014 er kr. 1.724.010 mot kr. 1.524.919 i 2013, ein auke på 13,1 %. Auken frå 2013 skuldast i hovudsak auke i renteinntekter. Samla resultat for 2014 er kr. 30.545.711 mot kr. 14.905.554 i 2013.

### Forslag til disponering av overskott:

Styret foreslår at overskottet for 2014 vert overført til anna eigenkapital.

Overføring til anna eigenkapital	kr	30.545.711
Totalt disponert	kr.	30.545.711

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2014 er:

Eigenkapital	kr.	133.004.780
--------------	-----	-------------

Likviditetsbeholdninga pr. 31.12.2014 var kr 98.305.459, som er ein auke på kr. 16.804.358 frå 2013.


### FRAMHALD AV DRIFTA

Etterspurnaden etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Etterspurnaden etter varer og tenester frå Sjukehusapoteka Vest HF er tett knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakar av Sjukehusapoteka Vest sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.


Bergen, 25. mars 2015


Styret for Sjukehusapoteka Vest HF


  
Maria Borch Helsengreen  
Styreleiar

  
Olav Godtfred Klausen  
Nestleiar


  
Jon Bolstad  
Styremedlem


  
Inger Cathrine Bryne  
Styremedlem

  
Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem

  
Per Karlsen  
Styremedlem

  
Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem

  
Marianne Saugestad  
Styremedlem

  
Gunvald Andreas Iversen  
Styremedlem

  
Jannicke Daae Tønjum  
Administrerende direktør

# Resultatrekneskap

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2014	2013
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
Anna driftsinntekt	2,3	913 838	847 984
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>913 838</b>	<b>847 984</b>
Kjøp av helsetenester	4	436	405
Varekostnad	5	723 767	661 425
Lønn og andre personalkostnader	6	109 894	133 308
Ordinære avskrivningar	9	4 278	4 245
Andre driftskostnader	7	46 642	35 220
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2</b>	<b>885 016</b>	<b>834 603</b>
<b>Resultat frå drifta</b>		<b>28 822</b>	<b>13 381</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Finansinntekter	8	1 835	1 666
Andre finanskostnader	8	111	141
<b>Netto finansresultat</b>	<b>8,10</b>	<b>1 724</b>	<b>1 525</b>
<b>RESULTAT FOR ÅRET</b>		<b>30 546</b>	<b>14 906</b>
<b>OVERFØRINGAR:</b>			
Overført annan eigenkapital	14	30 546	14 906
<b>Sum overføringar</b>		<b>30 546</b>	<b>14 906</b>

# Balanse

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2014	2013
<b>EIGEDLAR</b>			
Anleggsmidler			
Immaterielle driftsmiddel			
Lisensar og programvare	9	5	339
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>5</b>	<b>339</b>
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9	2 356	2 948
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	9	20 719	13 914
Anlegg under utføring	9	0	5 011
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>23 074</b>	<b>21 873</b>
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar		196	165
Pensjonsmidlar	15	16 046	0
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>16 242</b>	<b>165</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>39 321</b>	<b>22 377</b>
Omløpsmidlar			
Varer	11	37 940	35 134
Krav	12,20	169 897	157 532
Bankinnskot, kontantar og liknande	13	4 717	4 612
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>212 554</b>	<b>197 278</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>251 875</b>	<b>219 655</b>

# Balanse


Alle tall i 1000 NOK

	Note	2014	2013
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	14	100	100
Annan innskoten eigenkapital	14	10 943	10 943
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>11 043</b>	<b>11 043</b>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	14	121 962	91 416
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>121 962</b>	<b>91 416</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>133 005</b>	<b>102 459</b>
Gjeld			
Avsetningar for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	16	349	8 850
<b>Sum avsetningar for forpliktingar</b>		<b>349</b>	<b>8 850</b>
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	16,20	4 217	5 368
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>18</b>	<b>4 217</b>	<b>5 368</b>
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		12 480	12 659
Anna kortsiktig gjeld	17,20	101 824	90 318
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>114 304</b>	<b>102 978</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>118 870</b>	<b>117 196</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>251 875</b>	<b>219 655</b>

Bergen, 31.12.2014 / 25.03.2015

Styret for Apotekene Vest HF Sjukehusapoteka Vest HF


  
Maria Broch Helsingreen  
Styreleiar


  
Jannicke Daae Tønjum  
Administrerende direktør


  
Olav Klausen  
Nestleiar


  
Jon Bolstad  
Styremedlem

  
Inger Cathrine Bryne  
Styremedlem

  
Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem

  
Per Karlsen  
Styremedlem

  
Gunvald Andreas Iversen  
Styremedlem

  
Marianne Saugestad  
Styremedlem

  
Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem

# Kontantstrømoppstilling

	2014	2013
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Årsresultat	30 546	14 906
Ordinære avskrivningar	4 278	4 245
Endring i omløpsmidlar	1 529	-12 826
Endring i kortsiktig gjeld	11 326	-1 153
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	-24 554	1 760
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>23 125</b>	<b>6 931</b>
<b>KONTANTSTRÅUMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-5 139	-6 790
Utbetalningar ved kjøp av andre finansielle eigedelar	-31	-25
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-5 169</b>	<b>-6 816</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 151	-1 151
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-1 151</b>	<b>-1 151</b>
Netto endring i likviditet	16 804	-1 035
Likvide midlar 01.01	81 501	82 537
<b>Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12</b>	<b>98 305</b>	<b>81 501</b>
Unyttta trekkramme per 31.12	4 000	0
<b>Likviditetsreserve 31.12</b>	<b>102 305</b>	<b>81 501</b>
Innvilga kredittramme 31.12	4 000	0

## NOTE 1: REKNESKAPSPRINSIPP

### Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2014 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Sjukehusapoteka Vest HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar netto kr 10 943 027 overført til Sjukehusapoteka Vest HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller bare tatt i bruk for ei kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

### Konsolidering

Helseføretaket går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengepostar i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

### Prinsipp for inntektsføring

#### Øymerka tilskot

Øymerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

#### Andre inntekter

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

### Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket, er aktiverte.

Utgifter knytte til forskning og utvikling blir kostnadsførte jamt. I særskilde høve vil eigen forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktivert.

### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir oppførte i balansen til historisk innkjøpskost trekte frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar blir lagde til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som de kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktiverte som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

### Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

### Nedskrivning

Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

### Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskottet.

### Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjord i samsvar med god rekneskapskikk.

### Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

### Pensjoner

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osv. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar og avvik frå føresetnadene for utrekningane (estimatendringar) er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto midlar, er førte opp i balansen som eige del. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

### Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjør, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

### Segment

Inndeling i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsomsråda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg delt inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

### Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

### Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning i DNB Nor. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

### Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

### Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringsar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

### Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

### Skatt

Helseføretaket er ikkje skattepliktig etter statsføretakslova. Frå og med 1.1.2015 er Sjukehusapoteka Vest HF skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til publikumsekspedisjon.

## NOTE 2 RAPPORTERING FRÅ VERKSEMDA

Heile 1000 kroner

### Inntekt for kvart verksemdsomsråde

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Somatikk	0	0
Psykisk helsevern VOP	0	0
Psykisk helsevern BUP	0	0
Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmisbruka	0	0
Anna	913 838	847 984
Overføring til dotterføretak	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>913 838</b>	<b>847 984</b>

Verksemdsomsråde kalla «Anna» omfattar i hovudsak kostnader og inntekter knytt til ambulanse, pasienttransport, samt kostnader og inntekter som ikkje er del av spesialisthelsetenesta.

### Kostnad for kvart verksemdsomsråde

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Somatikk	0	0
Psykisk helsevern VOP	0	0
Psykisk helsevern BUP	0	0
Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk	0	0
Anna	885 016	834 603
Kjøp av helsetenester frå dotterføretak	0	0
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>885 016</b>	<b>834 603</b>

### Driftsinntekt fordelt på geografi

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Helse Vest sitt opptaksområde	913 838	847 984
Resten av landet	0	0
Utlandet	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>913 838</b>	<b>847 984</b>

## NOTE 3 DRIFTSINTEKTER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Aktivitetsbasert inntekt		
Anna driftsinntekt		
Driftsinntekter apoteka	913 838	847 984
<b>Sum</b>	<b>913 838</b>	<b>847 984</b>

## NOTE 4 KJØP AV HELSETENESTER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialister)	436	405
<b>Sum kjøp av andre helsetenester</b>	<b>436</b>	<b>405</b>
<b>Sum kjøp av helsetenester</b>	<b>436</b>	<b>405</b>

## NOTE 5 VAREKOSTNADER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Medisinske forbruksvarer	2 571	3 008
Andre varekostnader til eige bruk	1 110	1 441
Innkjøpte varer for videresal	720 125	656 765
Endring varer i arbeid og ferdigtilverka varer	-39	212
<b>Sum varekostnader</b>	<b>723 767</b>	<b>661 425</b>

## NOTE 6 LØNN OG ANDRE GODTGJERSLER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Lønnskostnader	97 872	93 898
Arbeidsgivaravgift	13 897	13 441
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	-4 328	21 715
Andre ytingar	2 453	4 254
<b>Summ lønn og personalkostnader</b>	<b>109 894</b>	<b>133 308</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette	246	240
Gjennomsnittleg tal på årsverk	215	213

Heile 1000 kroner

Godtgjersle til medlem av styret	Namn	Tittel	Styre-honorar	Lønn	Anna godtgjersle	Sum	Teneste-periode	Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
								Honorar/lønn	Anna godtgjersle
	Maria Borch Helsingreen	Styreleiar	126	0	0	126	5.3-31.12	0	0
	Ragnhild Nikoline Osmundsen	Styreleiar	35	0	0	35	1.1-5.3	0	0
	Olav Klausen	Nestleiar	0	0	0	0	5.3-31.12	1 568	4
	Clara Øberg	Nestleiar	23	0	0	23	1.1-5.3	0	0
	Jon Bolstad	Medlem	0	0	0	0	5.3-31.12	1 465	4
	Inger Cathrine Bryne	Medlem	0	0	0	0	5.3-31.12	1 423	0
	Anne Sissel Faugstad	Medlem	0	0	0	0	5.3-31.12	1 332	4
	Per Karlsen	Medlem	0	0	0	0	1.1-31.12	1 295	13
	Marianne Saugestad	Medlem	80	699	4	783	1.1-31.12	0	0
	Nina Carstens	Medlem	80	729	4	813	1.1.-31.12	0	0
	Bente Mari Madsen Rolfsnes	Medlem	80	446	1	527	1.1-31.12	0	0
	Lisbeth Karin Nærø	Medlem	20	0	0	20	1.1-5.3	0	0
	Wenche Haffnes Andersen	Styre-medlem	20	0	0	20	1.1-5.3	0	0
	Odd Søreide	Medlem	20	0	0	20	1.1-5.3	0	0
	Kjetil Hustoft	Medlem	20	0	0	20	1.1-5.3	1 507	4
<b>Sum</b>			<b>504</b>	<b>1 874</b>	<b>9</b>	<b>2 387</b>	<b>-</b>	<b>2 802</b>	<b>17</b>

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i Sjukehusapoteka Vest HF. Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i Sjukehusapoteka Vest HF. Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

Heile 1000 kroner

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2014	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Jannicke Daae Tønjum	Administrerande direktør	1120	382	4	1 506	1.1-31.12	0	0
Øystein Torgauten	Fagdirektør	958	489	4	1 451	1.1-31.12	0	0
Ola Rye	Økonomisjef	998	289	4	1 287	1.1-31.12	0	0
Berit Beate Berntsen	HR- og organisasjonssjef	925	299	4	1 224	1.1-31.12	0	0
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	825	138	4	963	1.1-31.12	0	0
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	853	128	4	985	1.1-31.12	0	0
Dominique Viki	Apotekar Bergen	931	197	4	1 132	1.1-31.12	0	0
Andrea Bornhorst	Apotekar Førde	819	126	4	949	1.1-31.12	0	0

1) Tenestetid/-periode er perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

### Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Sjukehusapoteka Vest HF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, økonomisjef, personal- og organisasjonssjef og apotekar som leiande personell.

Sjukehusapoteka Vest HF følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønnningane.

### Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2014

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 3.des 2014. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Sjukehusapoteka Vest HF har lagt til grunn retningsliner fastsett i føretaksmøte.

Lønn til medlem i leiargruppa blei i 2014 justert slik:

Heile 1000 kroner

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Jannicke Daae Tønjum	Administrerande direktør	1071	1106	3,3 %
Øystein Torgauten	Fagdirektør	940	965	2,7 %
Ola Rye	Økonomisjef	950	990	4,2 %
Berit Beate Berntsen	HR- og organisasjonssjef	880	935	6,3 %
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	850	885	4,1 %
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	795	840	5,7 %
Diminique Viki	Apotekar Bergen	915	923	0,9 %
Andrea Bornhorst	Apotekar Førde	765	790	3,3 %

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogelighet for dekning av internett og avis.

Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2014 for administrerande direktør og frå 1.5.2014 for dei andre.

### Retningsliner for 2015

Til grunn for Sjukehusapoteka Vest HF sine retningsliner, ligg mellom anna generelle retningsliner for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønnningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande søsterføretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønnningane.

### Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier leggst til grunn:

Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt

Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar

Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønnningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

#### Naturalytingar

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:  
Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket  
Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar  
Eventuelt avisabonnement

#### Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentlig tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

#### Sluttvederlag

Det er ikkje gjort avtale om sluttvederlag for nokon i leiargruppa i Sjukehusapoteka Vest HF.

#### Variable godtgjeringsar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det blir ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Sjukehusapoteka Vest HF.

#### Andre høve

Personar i leinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

#### Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Revisjon etter lova	154	138
Andre oppgåver som vedkjenn attestasjonar	43	38
Rådgivning som vedkjenn skattar og avgifter	8	0
<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>205</b>	<b>175</b>
Honorar til revisor i høve til inngått avtale:	138	138
Alle tal inkludert mva		
Honorar som vedkjem andre tenester utanfor revisjon, gjeld		

#### NOTE 7 ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	11 132	10 794
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, IKT, inventar og liknande	2 226	2 196
Reperasjon, vedlikehald og service	1 317	1 163
Konsulenttenester	3 319	1 110
Anna ekstern teneste	21 626	12 654
Kontor- og kommunikasjonskostnader	1 775	2 251
Reisekostnader	2 610	2 900
Forsikringskostnader	48	57
Andre driftskostnader	2 589	2 096
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>46 642</b>	<b>35 220</b>

#### NOTE 8 FINANSPOSTER

	2014	2013
Andre renteinntekter	1 820	1 651
Andre finansinntekter	15	14
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>1 835</b>	<b>1 666</b>
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	91	99
Andre rentekostnader	8	14
Andre finanskostnader	12	28
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>111</b>	<b>141</b>

## NOTE 9 IMMATERIELLE EIGEDLAR OG VARIGE DRIFTSMIDLAR

### Immaterielle egedelar

<i>Heile 1000 kroner</i>	FoU	EDB program- vare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01	0	1 954	0	1 954
Tilgang i året	0	0	0	0
Tilgang verksemdoverføring	0	0	0	0
Avgang i året	0	0	0	0
Frå prosjekt under utvikling	0	0	0	0
Kostpris 31.12	0	1 954	0	1 954
Akk. avskrivningar 31.12	0	1 949	0	1 949
Akk. nedskrivningar 31.12	0	0	0	0
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>5</b>	<b>0</b>	<b>5</b>
Avskrivningar i året	0	334	0	334
Nedskrivningar i året	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader	0	0	0	0

### Varige driftsmidlar:

<i>Heile 1000 kroner</i>	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-tek- nisk utstyr	Transport-mid- del, inventar og utstyr	Sum
Kostpris 01.01	0	7 219	5 011	7 483	31 043	50 756
Tilgang i året	0	0	5 139	0	0	5 139
Tilgang verksemdoverføring	0	0	0	0	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0	0
Frå anlegg til utføring	0	0	-10 150	1 250	8 900	0
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>0</b>	<b>7 219</b>	<b>0</b>	<b>8 732</b>	<b>39 942</b>	<b>55 894</b>
Akk. avskrivningar 31.12	0	4 864	0	3 778	24 178	32 820
Akk. nedskrivningar 31.12	0	0	0	0	0	0
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>2 356</b>	<b>0</b>	<b>4 955</b>	<b>15 764</b>	<b>23 074</b>
Ordinære avskrivningar i året	0	592	0	598	2 753	3 944
Nedskrivningar i året	0	0	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader	0	0	0	0	0	0
Levetider		15-25år		7-12 år	3-15år	
Avskrivningsplan		Linære		Linære	Linære	

### Finansiell leasing

*Heile 1000 kroner*

	Tomter og bu- stader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-tek- nisk utstyr	Transport-mid- del, inventar og utstyr	Sum
Sum av balanseført verdi 31.12.	0	0	0	0	0	0
Avskrivning i året	0	0	0	0	800	800
Kva år går kontrakt ut					2015	

### Leigeavtaler:

*Heile 1000 kroner*

	Tomter og bu- stader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-tek- nisk utstyr	Transport-mid- del, inventar og utstyr	Sum
Leigebeløp	0	10 065	0	89	444	10 598
Rest leigetid	0	1-5 år	0	1-3 år	1-3 år	0

## NOTE 10 INVESTERINGAR I AKSJAR OG PARTER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Eigenkapitalinnskot i KLP	196	165
<b>Sum investeringar i aksjar og parter</b>	<b>196</b>	<b>165</b>

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

## NOTE 11 VARELAGER

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Varer for videresal:		
Råvarer	688	735
Ferdigvarer	1 741	2 339
Handelsvarer	35 511	32 061
<b>Sum varer for videresal</b>	<b>37 940</b>	<b>35 134</b>
<b>Sum varelager</b>	<b>37 940</b>	<b>35 134</b>
Kostpris lager	38 204	35 134
Av dette nedskrives for verdifall	264	0
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>37 940</b>	<b>35 134</b>

## NOTE 12 KUNDEKRAV OG ANDRE KRAV

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Kundekrav	7 908	12 700
Konsernkonto	93 588	76 889
Krav på føretak i føretaksgruppa	66 068	66 242
Oppsamla inntekter	29	0
Andre kortsiktige krav	2 334	1 730
<b>Sum krav</b>	<b>169 926</b>	<b>157 561</b>
Endring i avsetting tap på kundekrav:		
Avsetting for tap på kundekrav per 1.1	30	30
Avsetting for tap på krav per 31.12	30	30
Konstaterte tap på krav i av året	17	11
Kundekrav har følgande fordeling på forfall:		
Krav som ikkje er forfalne til betaling	7 896	10 211
Krav forfalne med 1-30 dagar	-13	1 791
Krav forfalne med 31-60 dagar	25	0
Krav forfalne med 61-90 dagar	0	12
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	0	75
<b>Kundekrav pålydande per 31.12</b>	<b>7 908</b>	<b>12 089</b>

## NOTE 13 KONTANTAR OG BANKINNSKOT

	2014	2013
Skattetrekksmidler	4 551	4 506
<b>Sum bundne kontantar og bankinnskot</b>	<b>4 551</b>	<b>4 506</b>
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	166	106
<b>Sum kontantar og bankinnskot</b>	<b>4 717</b>	<b>4 612</b>

\*t.d. pasientmidlar og depositum

Helse Vest har konsernkontoordning. Helse Vest RHF har driftskreditt i Noregs Bank.

## NOTE 14 EIGENKAPITAL

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderings-forskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	10 943		91 416	102 459
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
<b>Eigenkapital 01.01. i år</b>	<b>100</b>	<b>10 943</b>	<b>0</b>	<b>91 416</b>	<b>102 459</b>
Eigenkapitalstransaksjonar					
Minoritetsinteresse					
Resultat dette året				30 546	30 546
<b>Eigenkapital 31.12. i år</b>	<b>100</b>	<b>10 943</b>	<b>0</b>	<b>121 962</b>	<b>133 005</b>

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF

### Styringsmål frå eigar

Heile 1000 kroner

	2014	2013	2002-2014
Årsresultat	30 546	14 906	122 484
Overført frå strukturfond	0	0	0
Korrigert for endra levetider	0	0	0
<b>Korrigert resultat</b>	<b>30 546</b>	<b>14 906</b>	<b>122 484</b>
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*	-14 000	0	-19 504
<b>Resultat jf. økonomiske krav</b>	<b>16 546</b>	<b>14 906</b>	<b>102 980</b>
Resultatkrav	10 400	13 214	82 526
<b>Avvik frå resultatkrav</b>	<b>6 146</b>	<b>1 692</b>	<b>20 454</b>

Resultatkravet for 2014 var opphavleg sett til kr 10.400.000 og er bygd på opphavleg inntektsfordeling frå eigar, jf Føretaksmøte 5.2.2014 og styringsdokument for 2014. Kravet blei justert i føretaksmøte 17.12.14 til kr 24.400.000 på bakgrunn av endra føresetnader for pensjonskostnader.

## NOTE 15 PENSJONSFORPLIKTING

	2014	2013
Oppsamla pensjonsforplikning	-334 996	-295 099
Pensjonsmidlar	227 080	204 601
<b>Netto pensjonsforplikning</b>	<b>-107 916</b>	<b>-90 498</b>
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikning	-15 216	-12 760
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat og planavvik inkl. aga	138 829	95 895
Ikkje resultatførte planendringar	0	-1 487
<b>Netto bokførte forplikningar inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>15 697</b>	<b>-8 850</b>
<b>Av dette balanseført netto pensjonsforplikning inkl. aga.</b>	<b>-349</b>	<b>-8 850</b>
<b>Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.</b>	<b>16 046</b>	<b>0</b>
<b>Spesifikasjon av pensjonskostnad:</b>		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	11 895	11 777
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	11 712	10 377
<b>Brutto pensjonskostnad i året</b>	<b>23 607</b>	<b>22 154</b>
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-9 193	-7 808
Administrasjonskostnader	1 170	1 086
<b>Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad</b>	<b>15 583</b>	<b>15 432</b>
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kostnad	2 244	2 695
Resultatført aktuarielt tap (vinst)	6 210	3 639
Resultatført planendring	-28 371	0
<b>Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>-4 334</b>	<b>21 766</b>
Andre pensjonskostnader*	6	-51
<b>Sum pensjonskostnader</b>	<b>-4 328</b>	<b>21 715</b>
<b>Økonomiske føresetnader:</b>		
Diskonteringsrente	2,30%	4,00%
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	3,20%	4,40%
Årleg vekst i lønn	2,75%	3,75%
Årleg pensjonsregulering	1,73%	2,72%
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,50%	3,50%
Talet på yrkedsaktive personar med i ordninga	235	222
Talet på oppsette personer med i ordninga	219	204
Talet på pensjonistar med i ordninga	136	128

\*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP og POA. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

### Ytingsbasert pensjonsordning

Føretaket har ei offentleg kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt, framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsytningane er samordna med ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga dekkjer alderspensjon, uførepensjon og barnepensjon.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening en alderspensjon på om lag 66%. Det blir ikkje opptent alderspensjon for lønn over 12G (grunnbeløpet i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12G.

Pensjonskostnaden for 2014 er basert på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk regnskapsstiftelse. Det er utarbeidd et beste estimat for pensjonsforpliktingar per 31.12.2014 basert på dei økonomiske føresetnadene gitt for 2014. Basert på avkastinga i pensjonskassane er det også vist et beste estimat for pensjonsmidlar per 31.12.2014.

Konsekvensane av nye uførepensjonsregler og innarbeiding av levealdersjustering for personer født i 1954 og seinare er innarbeida i berekninga. Begge endringane er behandla som planendringar og medfører ei redusert framtidig pensjonsforplikting. Effekten av dette er rekna inn som en eingongseffekt i rekneskapen for 2014 og har medført betydelige beløp til inntektsføring.

### Føresetnader for dødelegheit

KLP har valt tabell for dødelegheit, K2013BE, som tar utgangspunkt i FNO sine analyser av dødelegheita i populasjonen for livsforsikring i Noreg og framskrivingar som SSB har føretatt.

Vidare er KLP uføretariff nytta.

### Demografiske føresetnader:

Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Uttak AFP etter erfaring	15-45%	15-45%

### Frivillig avgang for fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 20	20-23	24-29	30-39	40-50	51-55	>55
Fellesordning	20	15	10	7,5	5	2	0

### Avtalefesta pensjon (AFP)

Føretaket har i tillegg til tenestepensjoner ein avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentlig sektor. Ordninga er 100% eigenfinansiert av føretaka, men blir administrert av KLP og POA. Ettersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

### NOTE 16 ANNA LANGSIKTIG GJELD

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	4 217	5 368
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>4 217</b>	<b>5 368</b>
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	2 460	1 211

### NOTE 17 ANNA KORTSIKTIG GJELD

Heile 1000 kroner

	2014	2013
Leverandørgjeld	85 138	78 646
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	2 606	-1 764
Feriepengar	11 750	11 631
Lønn	1 209	909
Anna kortsiktig gjeld	1 122	897
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>101 824</b>	<b>90 318</b>

### NOTE 18 FORSKING OG UTVIKLING

Sjukehusapoteka Vest HF har aktivitet innan forskning gjennom oppretting av to 50 % stillingar (D-stillingar) i samarbeid med Universitetet i Bergen. Stillingane er oppretta høvesvis frå 1. september og 1. desember i 2012 og har ein varighet på 2 år. Ut over dette deltar Sjukehusapoteka Vest HF i utviklingsarbeid innan ulike prosjekt i regi av Helse Vest Konsernet. Utviklingsarbeidet inngår i dei ordinære stillingane i Sjukehusapoteka Vest HF. FOU kostnadar er direkte kostnadsført.

### NOTE 19 NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærstående til Sjukehusapoteka Vest HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1.

Vesentlige transaksjoner med nærstående parter kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 5, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 2 og 3. Sjukehusapoteka Vest HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå sal av legemiddel og farmasøytiske tenester til systerføretak i Helse Vest konsernet. I tillegg leverer Sjukehusapoteka Vest HF legemidlar og andre apotekvarer til alle brukar av sjukehusa gjennom publikumsekspedisjon i kvart sjukehus.

Ordinært kjøp og sal mot andre føretak i Helse Vest i 2014 utgjorde om lag 577 millionar kroner.

Medikament utgjør en stor del av Sjukehusapoteka Vest HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Sjukehusapoteka Vest HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp. I Sjukehusapoteka Vest HF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtaler ikkje sitter med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mb som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

### NOTE 20 KRAV OG GJELD MELLOM FØRETAKA I HELSE VEST

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	300	0	965	4 217
Sjukehusapoteka Vest HF	0	0	0	0
Helse Bergen HF	30 439	0	824	0
Helse Stavanger HF	20 564	0	233	0
Helse Fonna HF	7 195	0	155	0
Helse Førde HF	7 457	0	134	0
Helse Vest IKT AS	113	0	295	0
<b>Sum</b>	<b>66 068</b>	<b>0</b>	<b>2 606</b>	<b>4 217</b>

Til føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sjukehusapoteka Vest HF, som er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og administrerande direktør er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og administrerande direktør finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til Sjukehusapoteka Vest HF per 31. desember 2014 og av resultatata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

#### **Utsegn om andre tilhøve**

##### *Konklusjon om årsmeldinga*


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret og administrerande direktør har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stavanger, 25. mars 2015

ERNST & YOUNG AS



Tommy Lothe  
statsautorisert revisor



# Sjukehusapoteka Vest HF

## **SJUKEHUSAPOTEKET I BERGEN**

Postboks 1  
5021 Bergen  
Tlf: 55 97 53 44

## **SJUKEHUSAPOTEKET I HAUGESUND**

Boks 2170, Bedriftspostkontoret  
5504 Haugesund  
Tlf: 52 73 21 80

## **SJUKEHUSAPOTEKET I STAVANGER**

Postboks 8100, Postterminalen  
4068 Stavanger  
Tlf: 51 51 92 38

## **SJUKEHUSAPOTEKET I FØRDE**

6807 Førde  
Tlf: 57 83 98 50

**BESØK OSS PÅ**

[www.sav.no](http://www.sav.no)